



## MØTEBOK

Tidspunkt: Onsdag 24.03.21

Stad: Banken/Teams

Til stades på møte: Tor Helge Haara Tjemsland, Andre Botnen, Anne Marie G. Rabba, Randi Legård og Sveinung Olsnes (sekretær)

Forfall: Meld forfall Håkon Småbrekke (vara vart kalla inn, men hadde og forfall)

Andre til stades på møte:

### Saker til styremøtet

Sak 15/21: Meldingssaker

Sak 16/21: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Sak 17/21: Oppsummering småviltjakt

Sak 18/21: Vidare organisering dugnad

Sak 19/21: Status systemlåsar

Sak 20/21: Ståvassvikja – avslag forsikringssak

Sak 21/21: Møte med Sveigen Beitelag

Sak 22/21: Organisering av søknad til reinsløyver 2021

Me stadfester med dette våre underskrifter at møteboka samsvarar med det som kom fram på møtet.

Tor Helge Haara Tjemsland/s/

Andre Botnen/s/

Randi Legård/s/

Anne Marie G. Rabba/s/

## Sak 15/21: Meldingssaker

### Saksutgreiing:

2021.01.07.035.TUV-uttale til rehabilitering ninive  
2021.01.11.642.2.1.Fordeling utbytte fellesfiskekort 202  
2021.01.15.035.0.FRÅ N.Å.Sandal- langtidsutleige Ulvabotnen  
2021.01.15.035.0.FRÅ N.Å.Sandal-Forslag til ny leigekontrakt Ulvabotnen  
2021.01.20.035.0.Ullensvang kommune-Løyve til fasadeendringNinive  
2021.01.20.145.4.TIL Grunneigarfondet-søknad om tilskot Ninive  
2021.01.21.035.0.FRÅ N.O.Hauge-Søknad til Røldal Fjellstyre utleige Ulevåbotn  
2021.01.21.652.TIL Statsforvaltaren i Rogaland-søknad Utsetting fisk  
2021.01.21.652.TIL Statsforvaltaren i Rogaland-søknad Utsetting fisk  
2021.01.25.035.0.Gjensidige-Avslag-naturskade  
2021.01.25.035.0.Gjensidige-informasjon Vedrørende klage i forsikrings sak  
2021.01.25.612.1.H.Rabbe-SIGNERT Forslag til samjaktavtale med HA290  
2021.01.26.43.TIL Jan Y Kristiansen-avslag MF røldal sa  
2021.01.26.612.1.TIL nabovald-førespurnad om samjakt  
2021.01.30.035.0.TIL- søkjarar om leige av Ulevåbotn  
2021.02.01.017.1.Jan Kristiansen- div epostkorr vedr snøskuterløyve Knoda  
2021.02.03.035.0.TUV-MF løyve Ninive  
2021.02.04.001.4.TIL Vinje kommune- Førespurnad overgangsavtale Vinje kommune  
2021.02.16.035.0.Autorisasjon rekvirent systemnøklar  
2021.03.02.035.0.Forsikringsklagenemnda-avgjerdsleMelding om Klagenemndas vedtak  
2021.03.09.652.1.SFROG-Forhåndsmelding - Søknad om utsetting av fisk i reguleringsmagasin  
2021.03.19.145.4.Grunneierfondet- 2021. tildelt Fordeling av midler  
2021.03.19.145.4.Grunneierfondet- 2021. tildelt Fordeling av midler

### Framlegg til vedtak:

Ingen

### Referat:

Meldingssakene hadde falle ut av innkallinga. Ein ber derfor møtelyden om å lese gjennom desse før godkjenning av referat og evt kome med merknader eller spørsmål før godkjenning.

Årsmeldinga for 2020 vart ferdigstilt etter innkallinga vart sendt ut, og det vart fremma forslag frå leiar om å også godkjenne denne når møtereferatet vert sendt til godkjenning.

Det var ikkje motførestillingar frå styret til dette.

### Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Årsmeldinga for 2020 vert godkjent av Røldal Fjellstyre.



## Sak 16/21: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

### Saksdokument:

#### Saksutgreiing: (THHT)

- Gått gjennom alle papirene (i henhold til vedtak 06/12) som me var så heldige å arva etter tidlegare «administrasjonar». Kasta mykje, organisert alt som var noko å ha. Noko var fuktskada som ein konsekvens av dårleg oppbevaring. Dessverre kan det og sjå ut som om mykje har gått tapt opp gjennom åra som ein konsekvens av dårleg organisering. Per no manglar me tilnærma alt frå før år 1990. Av møtereferat manglar me stort sett alt frå før 1999. Har digitalisert alle møtereferata mellom 1999 og 2020. (Med unntak av 2008, som per no ikkje er komplett.)
- Tor Helge har handla aggregat (kr 9100,-) og madrasser (kr 16515,-) i henhold til vedtak på førre møte. (Fun fact: Dette var på tide. I eit ni år gammalt skriv fann eg følgjande: «Bytte madrasser – veldig gamle, og veldig dårlege. I Gamlebua er madrassene minst 40 år, og har vært utsatt for flere vannlekkasjer, før deler av taket ble skiftet.»)
  - o Handla i tillegg inn overtrekklaken (type tiss) frå Ikea (kr 1271,-) i henhold til vedtak i sak 39/16.
- I tillegg er det handla inn diverse til renoveringa på Ninive:
  - o Biltema: presenningar, lastestropper o.l. (totalt kr 3709,-)
  - o Ny nøkkelboks (kr 499,-) til Ninive, då den gamle er broten opp.
- I henhold til vedtak 47/16 er det kjøpt inn «vassfaststempel» til jaktkorta (kr 1206,-)
- Vedkassar som tilfredstiller brannvernreglementet er no på plass i alle hyttene (sak 07/20).
- Opprydding av søppelreir.
  - o Det er lokalisert fleire søppelreir rundt om på statsallmenninga. Fleire i Venehaug/Høghedler og eit ved Reinstjødna. Fjellstyret bør nytte høvet mangelen på reinsdyr gjev oss, og få rydda opp i desse ein gong for alle.
- Motorferdsel:
  - o Tor Helge har vorte kontakta angående køyreløyve i grenseland nord/syd for E-134. Informerte vedkomande om gjeldande vedtak.
  - o Grunneigar på austsida av Valldalsvatnet bad om løyve til å køyre til eigedomen sin frå Peparstein. Fekk lov under føresetnad av at ferdselen vart haldt på eit minimum og berre når isen over Valldalsvatnet ikkje er farbar.

#### Framlegg til vedtak:

Ingen

#### Referat:

Leiar går gjennom saksutgreiing. Det kjem fram fleire punkt som har kome til etter at innkallinga vart sendt:

- Transport til hyttene vart gjennomført på fredag. Røde kors var med ved, madrasser og diverse til Hedlevass. Tor Helge og Tor Eivind var til Ninive.
- Det er kjøpt inn solcellepanel i henhold til sak 05/21. Pris for sjølve anlegget vart om lag 18 000,-. I tillegg kjem om lag 5000 kroner til for kabel og klamming. Avtale om installasjon er på plass.
- Handla for om lag kr 2800,- på Monter. Foringar og listverk til ny ytterdør i Eriksbu + ein stige til måleprosjektet i Gamlabua.
- Kjøpte fleire tisselaken frå Ikea, til kr 1243,-



- Det har til saman vorte donert ei ny spisebordgruppe tenkt plassert på Ninive.
- Kristen kjøpte mest sannsynleg inn presenningar til å dekkje materiallasta.
- Totalt så har det vort investert for om lag kr 55 000,- sidan førre møte...

Sekretær tek kontakt med Statskog som grunneigar og informerar om søppelsituasjonen.

**Vedtak:**

Styret tek orienteringa til vitande

Sak 17/21: Oppsummering av småviltjakt

**Saksdokument:**

**Saksutgreiing:**

Jaktsesongen 2020-2021			
		Totalt kjøpt	Begrensing
<b>Innanbygds</b>	Sesong	12	20
	Veke	2	20
	Dag	26	10 per dag
	Smårovvilt	0	n/a
<b>Utanbygds</b>	Sesong	15	15
	Veke	20	20
	Dag	195	10 per dag
	Smårovvilt	13	n/a
	<b>Totalt salg</b>	<b>283</b>	
	Vinterjakt:	39	døgn
	Def: Vinterjakt	Frå 01.01 til 01.03	

Tabellen visar salsdata frå jaktseasonen 2020-2021; frå 01. oktober til 28. februar.

To av vekeskorta, samt 20 av dagskorta seld til innanbygds var feilkjøp (17.10 var det 8 feilkjøp...). Med bakgrunn i tilbakemeldingar kan ein anta at ikkje alle av desse korta faktisk var i bruk.

I lista under er alle dagar der det vart seld fleire enn 5 jaktkort. Dei dagane det ikkje var utseld, er antal selde løyver oppført i parentes. Oppsummert vart det utseld 12 dagar. I tillegg var det seld over 5 kort, 5 andre dagar.

Oktober: 15, 16, 17, 18, 23, 24, 25, 30, 31, November: 1, 7, 8(8), 14, 15(6), Februar: 6(7), 13(6), 28(8).



I praksis så betyr dette at om ein til dømes hadde redusert maks antal dagskort per dag til 5, så ville ein seld 70 færre kort. I tillegg kjem dei 20 feilkjøpa av innanbygds-dagskort, og 2 vekeskort. Totalt ein reduksjon på 90 + 2 løyver (tilsvarande kr 21 400,-).

Det vert seld 39 dagskort i 2021. Noko meir enn normalt. Dette antas å skuldast ein unormalt fin vinter.

#### **Framlegg til vedtak:**

Legge om til to salssider for småviltjakt. Ei for innanbygds og ei for utanbygds. Den for innanbygds sperrast for kjøp for andre enn dei med postnummer 5760.

Arbeide med framlegg til sak på neste møte vedrørande organisering for komande sesong.

#### **Referat:**

Gjennomgang av rjupejakta ved leiar.

#### **Vedtak:**

Styret tek orienteringa til vitande og ynskjer å legge om til to salssider for småviltjakt fom i år. Styret kjem tilbake til reglar og ordningar for jakta 2021, men ser ikkje for seg store endringar. Leiar kontaktar innanbygdsjegerane som løyste kort i førevarande sesong, og gjev dei ein moglegheit til å kome med tilbakemelding. Styret ynskjer å opne for sal på Inatur.no den 1 juni.

### Sak 18/21: Vidare organisering av dugnad

#### **Saksdokument:**

#### **Saksutgreiing: (THHT)**

Generelt:

Fjellstyret må ta stilling til korleis me skal kompensera dei som nyttar eigen scooter til dugnad. Samt korleis me skal løyse det med tanke på å kjøpe inn mat. Ein kan ikkje tape penger på å ta del i dugnad. Fjellstyret må difor dekkje utgiftene til dei som nyttar egne køyretøy. Så lenge ein ikkje går over maxsatsen i Statens reiseregulativ, kan ein betale ut økonomisk kompensasjon.

Ninive:

Det vart gjennomført eit planleggingsmøte 24.02. der ein fordelte ein del arbeidsoppgåver, og forsøkte å leggje ein plan for korleis arbeidet skulle løysast. Det vart i etterkant av dette sendt inn ein gjeng som rydda ut bislaget og grov opp plata for å kontrollera grunnen. Det har i etterkant vorte vurdert ditt hen at ein er avhengig av gravemaskin og tilkøyrd massar for å få sett opp eit tilfredsstillande bygg. Ein må difor belage seg på å betale for leiga av gravemaskin og nokre turar tråkkemaskintransport.

Gamlabua/Eriksbu:

Andrè tar ansvar for målararbeidet på Gamlabua til sommaren, og handlar inn påkrevd utstyr/måling til dette. Ytterdør i Eriksbu vert bytt på dugnad.



I henhold til tilstandsrapporten frå i haust, er det nokre småoppdrag som må utførast både i Gamlabua og Eriksbu. Oppsummering av desse er sendt fjellstyremedlemene på eigen mail.

**Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret tar orienteringa til vitande. Vedlagt referat frå byggemøtet 24.02 vert godkjent som møtereferat.

Fjellstyret kompenserer bruk av eigen scooter etter Statens reiseregulativ på kroner 7,50 per kilometer. Ein reknar ein fast distanse på 46 km tur/retur Ninive (kr 345,-). Vidare reknar ein 60 km tur/retur Hedlevass (kr 450,-).

Dugnadsfolk får dekkja mat/drikke etter eige ynskje etter avtale med fjellstyrerepresentant, inntil 200 kr per person/døgn.

Fjellstyret gjev leiar fullmakt til å kome med førespurnad til FH om dei kan ta på seg småoppgåvene i Hedlevass.

**Referat:**

Gjennomgang ved leiar.

Kort ordskifte i saka. Styret samlar seg om framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Fjellstyret tar orienteringa til vitande. Vedlagt referat frå byggemøtet 24.02 vert godkjent som møtereferat.

Fjellstyret kompenserer bruk av eigen scooter etter Statens reiseregulativ på kroner 7,50 per kilometer. Ein reknar ein fast distanse på 46 km tur/retur Ninive (kr 345,-). Vidare reknar ein 60 km tur/retur Hedlevass (kr 450,-).

Dugnadsfolk får dekkja mat/drikke etter eige ynskje etter avtale med fjellstyrerepresentant, inntil 200 kr per person/døgn.

Fjellstyret gjev leiar fullmakt til å kome med førespurnad til FH om dei kan ta på seg småoppgåvene i Hedlevass.

**Sak 19/21: Status systemlåsar**

**Saksdokument:**

**Saksutgreiing: (THHT)**

Har forsøkt å nøsta opp i systemnøklane. Har no sletta alle tidlegare autorisasjonar, og fått innvilga eigen. Har også forsøkt å få oversikt over kvar systemnøklane befinn seg. Ut frå tilgjengeleg kjelder skal det vera laga 30. Dette stemmer overeins med informasjonen tilsendt frå



leverandør. Oversikten under visar dei nøklane fjellstyret har kontroll på per dags dato. Det manglar altså 5 nøklar.

<b>Systemnøklar</b>	<b>Antal</b>
<b>I Nøkkelboksar</b>	
Eriksbu	1
Gamlabua	1
Ninive	1
<b>Fjellstyremedlemmer</b>	
Tor Helge	1
Håkon	1
Andre	1
Randi	1
Anne Marie	1
<b>Diverse andre</b>	
Utlånsnøkkel	1
Ellen	1
<b>Oppsyn</b>	
Tilsette i HF	5
Ekstra på HF kontor (sesongoppsyn/nedbemanning)	2
SNO tilsette på Skinnarbu	2
SNO Rødberg	1
SNO Hordaland	1
Politiets Miljøkoordinator, Vest Politidistrikt	1
Indre Hardanger Lensmannsdistrikt	1
Sørøst-politidistrikt (Vinje lensmannskontor)	1
Sørøst-politidistrikt (Nore og Uvdal lensmannskontor)	1
<b>Totalt</b>	<b>25</b>

No når det vert nye dører må det vurderast om ein skal kjøpe låssylindrar til desse som passar med systemnøkklane våre. (Alternativet er dårleg; bore låsbeslag i nye dører.) Tor Helge har henta inn pris på kroner 7703,-. Denne prisen inkluderer to låssylindrar (5759,-) og fem nye nøklar (til 1944,-). Dette er så dyrt, at går ein for dette, forpliktar ein seg til å forsetje å nytte dette låssystemet framover.

Tor Helge meiner at fjellstyret også bør låne ut nøklar fast til Røde Kors. I så tilfelle bør dei ha 3 stykk.

Erfaringa frå andre fjellstyre er at det er ein fordel med systemnøklar. I fjellstyre der ein ikkje har hatt system har det vorte kopiert nøklar i stor stil og det har vore uråd å halde kontroll på kor mange som har nøklar til ein kvar tid.

#### **Framlegg til vedtak:**

Ingen

**Referat:**

Innleiing ved leiar og sekretær.

Kort diskusjon omkring låsesystemet. Det vert opplyst om at moglegheita for å selje låssystemet har vorte vurdert, men dette viste seg å ikkje vera noko alternativ, sidan ein manglar eit stort antal nøklar. Det er brei einigheit om at ein skal halde fram med systemet ein har i dag. Det kjem fram forslag om å kjøpe inn 10 nøklar til og to låsesylindrar til Eriksbu og Ninive.

For å ha betre kontroll over nøklane framover, ynskjer fjellstyret å sjå på moglegheita for å nummerere nøklane, og lage til eit system der ein kvitterer ut desse.

**Vedtak:**

Røldal FS held fram med dagens systemlåsar og kjøper inn 10 nye nøklar og 2 låsesylindrar.

Røldal Røde kors får tilbod om å disponere 3 av desse nøklane.

Fjellstyret nummerer alle tilgjengelege nøklar og innfører eit system kvar ein kvitterer ut desse.

Samrøystes

**Sak 20/21: Ståvassvikje-avslag forsikringssak**

**Saksdokument:**

**Saksutgreiing: (THHT)**

Fjellstyret tapte forsikringssaka i Ståvassvikja. Det må tas stilling til vegen vidare på dette møtet. Handverkar vil mest sannsynleg vera avhengig av scootertransport for å kunne utføre arbeidet rimelegast mogleg.

Situasjonen her medfører at me må ha ein skikkeleg diskusjon angående hytta/stølen. Fjellstyret har ikkje råd til å forsetje med dyre reperasjonar. Det er ikkje mange år sidan det vart gjennomført eit kostbart vedlikehaldsarbeid på tørrsteinsmuren. Det er problematisk at fjellstyret brukar pengar på hus som ikkje er til glede for våre bruksberettiga.

Hytta er etter forhalda bra vedlikehald av noverande leigetakerar. Noverande leigekontrakt går ut 2023. Leigeprisen for beitet, inkludert stølshusa, er kr 18100,-.

Det vart i førre fjellstyreperiode inngått ein avtale med handverkar. Det føreligg ingen prisoverslag over kva ein eventuell reperasjon vil koste.

**Framlegg til vedtak:**

Ingen

**Referat:**

Gjennomgang ved leiar.

Styret diskuterar ulike retningar for kva som skal skje med bygget i åra som kjem.





Det kjem fram forslag om at ein kan stabilisere bygget slik det er no og så ta opp til vurdering kva ein skal gjere etter at noverande beiteavtale går ut.

**Vedtak:**

Røldal FS hentar inn pris på ei midlertidig stabilisering av bygget. Siktemålet er å fryse situasjonen til noverande beiteavtale går ut i 2023. Fjellstyret skal då ta endeleg avgjerd om kva som skal skje med bygget.

Samrøystes

**Sak 21/21: Møte Sveigen Beitelag**

**Saksdokument:**

**Saksutgreiing: (THHT)**

Inntrykket til Tor Helge er at interessa for stølane er laber. Både frå fjellstyremedlemmene og dei bruksberettiga. Konsekvensen er at dialogen mellom leigetakarane og fjellstyret har vore tilnærma fråværande. Dette må endrast.

Det må gjennomførast eit «oppstartsmøte» i Sveigen Beitelag for denne fjellstyreperioden. Me må møte leigetakerane med dialog, og forsikre oss om at me har same oppfatningar og forventingar av leigeforholdet. Ein må også få kommunisert klart og tydeleg at fjellstyret går gjennom ei «reorganisering». Tidlegare muntlege avtalar og ordningar må difor bringast på banen slik at fjellstyret vert klar over dei, og at dei i så tilfelle kan fornyast.

Fjellstyret må også gjera eit omfattande arbeid før kontraktane vert lyst ut for neste periode.

Tor Helge ynskjer å føreslå at me leiger HF til det årlege ettersynet og oppfølgjinga av stølane. Dette inkluderer dialogen med leigetakarane, samt å gjennomføre den kontraktsfesta årlege vedlikehaldsbefaringa.

**Framlegg til vedtak:**

- Røldal Fjellstyre kallar inn til møte i Sveigen beitelag.
- HF vert førespurt om dei kan overta ansvaret for oppfølgjinga av leigetakerane av stølane i henhold til kontraktane.

**Referat:**

Kort innleing av leiar. Det vert gjort eit poeng ut av at fjellstyret må endre måten stølar og beite er organisert på, slik at inntektene dekkjer utgiftene. Styret samlar seg om framlegget til vedtak med endring.



**Vedtak:**

Røldal FS ynskjer at HF skal ta over ansvar for oppfølging av drift og utleige av stølar i hht kontraktar. Dersom HF tek på seg dette ynskjer fjellstyret at HF syter for å gjennomføre møte med leigetakarane ila 2021.

Samrøystes

**Sak 22/21: Organisering av søknad til reinsløyver 2021****Saksdokument:****Saksutgreiing:**

Hardangervidda:

Kvoten for 2021 er enno ikkje sett, men signala er at ein kjem til å få ein svært høg kvote. Det vert hovudvekt på frie dyr og vaksen bukk.

For Røldal FS sin del så betyr det at ein kan forvente kvotar på nivå med dei to seiste åra og mest truleg høgare enn dette også.

Kvoten har fordelt seg slik dei seiste åra (totaltkvote og Røldal SA):

Jaktår	kalver		simle/ungdyr		Valgfrie dyr		Tildelte totalt	
2008	455	19	588	28	381	16	1520	63
2009	454	19	681	28	384	16	1523	63
2010	5	0	15	0	2000	83	2024	83
2011	1507	62	2694	114	731	31	5020	207
2012	1807	74	3310	137	903	37	6020	248
2013	1760	72	3510	144	1755	72	7025	288
2014	910	37	6755	278	1360	56	9025	371
2015	1205	50	5610	230	1205	49	8020	329
2016	6807	280	6805	280	1203	49	14815	609
2017	3907	160	3908	160	2105	86	9920	406
2018	234	9	232	9	1056	43	1522	61
2019	0	0	0	0	6035	247	6035	247
2020	0	0	0	0	4964	206	4984	206

Slik signala føreligg i dag kan det forventast ei kvote for 2021 som gjev Røldal SA minst 300-350 vaksne dyr. Det kan kome kalvekort i tillegg.

Uansett vil årets jaktkvote føre til overflod av kort og ein vil ikkje kunne forvente at kort vert ettertrakta korkje som bytte mot samjakt eller som salsvare.



For å bli kvitt korta bør derfor fjellstyret prøve å få desse ut til eigne jegerar.

Røldal FS er i år i ei særstilling i og med at ein har fått eit regime langs E134 der det ikkje skal vere dyr. Det er omfattande aktivitet i dette området for å hindre dyr i å krysse vegen. Denne aktiviteten kjem til å halde fram både i sommar, haust og neste vinter. Totalt sett vil dette gjere det mindre attraktivt å jakte i området nær E134 som før. Ein må derfor forvente at jegerar vil søkje seg til andre områder for å jakte. Det er då nærliggande å tru at ein vil få ei større opphoping av jegerar både i Hellevass og i området ved Holmavatnet/Reet. Fjellstyret bør då vurdere om ein må redusere talet på jegerar i høve til fjoråret.

Røldal FS har vore seint ute med tildeling av kort og ligg nesten to månader etter alle andre fjellstyre på HV i kortutdeling/søknadsfrist. Det bør gjerast noko med dette og ein tilrår at søknadsfristen for jakt på Røldal SA vert som dei andre fjellstyra, den 2 mai.

For å kome i mål med vedtak for årets jakt og ein søknadsfrist den 2 mai må dette avgjerast på dette møtet.

Sidan det framleis er usikkert med tanke på kvotestorleik og kortfordeling vil sakshandsamar tilrå at det i år vert laga ei kortpakke for kvar jeger som ynskjer jakt. Fjellstyret set makstak på jegerar som kan jakte på Røldal SA og at alle kort så vert fordelte ut på desse jegerane. Ein tilrår då å setje ein fast pris på jakta uavhengig av talet på kort den einskilde får tildelt. Eit tenkt døme: dersom det vert tildelt 300 vaksne dyr og ein set taket på 80 jegerar vert det i snitt 3,75 kort pr jeger. Om ein ser for seg at det er 60 innanbygds og 20 utanbygds vert tildelinga då som følger: Innanbygds: Dei 45 fyrste på lista får 4 dyr kvar og dei seiste 15 får 3 dyr. Utanbygds: dei fyrste 15 får 4 dyr kvar og dei seiste 5 får 3 dyr.

Dersom det kjem kalvekort i tillegg vert desse lagt til Simle/ungdyrkort eller fridyrkort så langt det høver og etter same prinsipp som over.

Fridyrkort, Vaksen bukk, S/U og kalv skal fordelast rettferdig over alle pakkene med prinsippet om den som står tidleg på trekkingslista får føremoner dersom det må vere ulikt.

Setesdal/Ryfylke:

Det er i dag slik at dei som tek ut kort på SR ikkje er med i trekninga før det 3 året etter at dei har hatt kort. I prinsippet har dette fungert og dei fleste har innfunne seg med at det er slik systemet er. Det har og vore noko misnøye med systemet, der nokon meiner enkeltpersonar får tildelt kort oftare enn andre. Over tid vil eit system som i dag vere tilfeldig og rettferdig, men det kan sjølvstøtt opplevast urettferdig for dei som rett og slett har uflaks år etter år.

Leiar har derfor forslag tom å innføre poengsystem for jakta på SR. det vil seie at den som søker får 1 poeng for kvart år jegeren sender søknad på jakt på SR. Jakta vert så trekt blant dei som har flest poeng. Dei som får tilbod om kort misser poenga sine og startar så på null når dei har fått kort. Over tid vil dette sikre at alle som søker jakt får jakte.

Innstillinga tyder på at me kan verte tildelt fellingsløyver på ca 11 fritt dyr, 6 simler og 11 kalvar. Ein må i så tilfelle vurdere kor mange jegerar det er mogleg å sleppe inn på likt.



Prisar på kortpakker:

Inntektene på sal av reinsjakt bør ligge rundt 450 000,-. Dersom ein sel jakt til 60 innanbygds og 20 utanbygds så må prisane vere 9000,- for utanbygds og 4500,- for innanbygds. Dette gjev ein kortpris på 1125-1500 for innanbygds og det doble for utanbygds.

Pris for enkeltdyr til dei som har rett på det: 1500,-

### **Framlegg til vedtak:**

Det vert halde to trekkingar, ei for Hardangervidda og ei for Setesdal/Ryfylke. I år der alle jegerar får kort kan same jeger få kort både på S/R og Hardangervidda. I år der det ikkje er nok kort til alle kan ein berre få kort på det eine villreinområdet.

Hardangervidda:

1. Det er tillete med jaktlag for dei som har kort på HA280. Jaktlaget kan ha opptil 5 jegerar. Avtale må utformast og underskrivast av fjellstyret/sekretær. Det er utarbeidd eige standard skjema for dette som MÅ nyttast. Ferdig utfylt skjema må sendast Fjellstyret før 10 august. Avtaler som sendast inn etter 10 august handsamast etter høve.
2. Kvar innanbygds søkar må ta ut ei kortpakke kvar (unntak for enkelte grupper under). Talet på dyr i pakka vil variere både i antal og kategori.
3. Det skal selgjast kort til maksimalt 80 jegerar på Røldal SA i 2021.
4. Eventuelle overskotskort etter tildeling av innanbygds kan selgjast til utanbygds. Utflytte røldøler får førerrett til desse og skal søkje på vanleg innanbygds skjema. Tildeling elles som for innanbygds. Det leggst ut 10 kortpakker på Inatur.no med frist 2 mai. Eventuelle restkort kan og selgjast utanbygds etter trekingsliste på inatur.no.
5. Jakttida er fom 20 august kl 0700 tom 30 september kl 1900. Det er nattetfredning på Røldal SA fom 1900 til 0700. Dersom direktoratet fastset andre jakttider for 2021 vil fjellstyret rette seg etter dette.
6. Røldal Fjellstyre opnar for samjakt med andre vald etter søknad og eige handsaming. Nærmare reglar om dette vert kunngjort for jegerane.
7. Fyrstegongsjegerar får tilbod om eitt gratis fritt dyr. (sjå definisjon om fyrstegongsjeger i eiga sak). Jegeren må opplyse om at han/ho er fyrstegongsjeger på søknaden. Fyrstegongsjeger vil ikkje kunne søkje om fleire fellingsløyver.
8. Studentar, uføre/eldre og ektefeller/sambuar vil kunne søkje om å ta ut berre eitt fellingsløyve. (sjå definisjonar i eiga sak). Jeger må informere om dette på søknaden. Ungdom mellom 16-20 år betalar halv pris for eitt kort. Ynskjer dei fleire kort betalast full pris for desse.
9. Kort kan overførast til andre vald. Røldal FS gjev fullmakt til jegerar slik at dei kan overføre kort til andre med kort utskrive av Røldal FS fom 1 september. Det lagast eige skjema for dette som skal nyttast. Kort som er med i jaktlag kan ikkje overførast.

Setesdal Ryfylke:



Ein går over til poengbasert trekking som nemnd i saksutgreiing. Dvs at alle vil stille likt ved søknad i år.

Reglane vert dei same som for Hardangervidda med unntak av at det her ikkje er nåttefredning. Det vert heller ikkje tilbydd gratis fellingsløyve til fyrstegongsjeger, eller moglegheit til å søkje om å ta ut eit redusert antall fellingsløyver (student, uføre/eldre eller ektefeller/sambuarar).

Det gjevast tilbod til 7 jegerar der kvar og ein får tilbod om ei pakke med opp til 3 dyr.

Vedtaket er gjort i medhald av Fjellova §§ 23 og 24

### **Referat:**

Innleiing ved leiar og sekretær.

Styret går gjennom saksutgreiing. Det vert fyrst diskutert kor mange jegerar ein ynskjer totalt inn i år utanom evt samjaktavtaler. Det vert raskt einigheit om 80 jegerar totalt. Styret grunnjev eit redusert tal jegerar med at ein i år vil misse store areal i heimfjella pga CWD tiltaka der. Styret ynskjer ikkje for mange jegerar på eit lite område.

Leiar legg fram eigne forslag til enkeltpunkt.

Styret er einige i at det i år vil vere vanskeleg å bli kvitt korta og at ein må freiste å få ut alle korta. Det er einigheit om at ein tek alle tildelte kort og deler ut på dei jegerane som får tilbod. Dette kan føre til at nokon får fleire kort enn andre, men dette meiner styret vil gå greitt. Ein følger trekningslista i den grad nokon skal ha fleire dyr eller «betre» dyrekategori.

Styret har ikkje store endringsforslag i høve saksutgreiing, men ynskjer prisen ein del ned. Leiar føreslår 3500,- for pakke med kort. Det kjem og fram forslag om 2000 kr for redusert pakke og 1000,- kr for ungdomspakke. Styret samlar seg om dette.

### **Vedtak:**

#### **Generelle retningslinjer ved tildeling av fellingsløyver på villrein på Røldal Statsallmenning. Gjeldane for Hardangervidda (HA280) og Setesdal/Ryfylke (SE146-6) villreinområde:**

##### I år der ein kan tilby fellingsløyver til alle innanbygdsjegerar før jaktstart:

Det vert halde to trekkingar, ei for Hardangervidda og ei for Setesdal/Ryfylke. I år der alle jegerar får kort kan same jeger få kort både på S/R og Hardangervidda.

##### I år der det ikkje er nok kort til alle innan jaktstart:

Det vert gjennomført ei trekning. Ein kan ein berre få kort på det eine villreinområdet. Jegerane vel kvar dei ynskjer å ta ut fellingsløyve ut frå trekningslista.



## Hardangervidda:

1. Det er tillete med jaktlag for dei som har kort på HA280. Jaktlaget kan ha opptil 5 jegerar. Avtale må utformast og underskrivast av fjellstyret/sekretær. Det er utarbeidd eige standard skjema for dette som MÅ nyttast. Ferdig utfylt skjema må sendast Fjellstyret før 10. august. Avtaler som sendast inn etter 10. august handsamast etter høve.
2. Kvar innanbygds søkar må ta ut ei kortpakke kvar (unntak for enkelte grupper under). Talet på dyr i pakka vil variere både i antal og kategori.
3. Det skal selgjast kort til maksimalt 80 jegerar på Røldal SA i 2021, av desse maks 20 utanbygds.
4. Eventuelle overskotskort etter tildeling av innanbygds kan selgjast til utanbygds. Utflytte røldøler får førerrett til desse og skal søkje på vanleg innanbygds skjema. Tildeling elles som for innanbygds. Det leggst ut 10 kortpakker til utanbygds på Inatur.no med frist 2. mai. Eventuelle restkort kan og selgjast utanbygds etter trekkingsliste på inatur.no, men avgrensa opp til 20 jegerar.
5. Jakttida er fom 20. august kl 0700 tom 30. september kl 1900. Det er nåttefredning på Røldal SA fom 1900 til 0700. Dersom direktoratet fastset tidlegare jaktstart vil fjellstyret følge dette. Dersom jakta vert utvida ut i oktober vil fjellstyret i utgangspunktet ikkje følge dette.
6. Røldal Fjellstyre opnar for samjakt med andre vald etter søknad og eige handsaming. Nærmare reglar om dette vert kunngjort for jegerane.
7. Fyrstegongsjegerar får tilbod om eitt gratis fritt dyr og ein vaksen bukk. (sjå definisjon om fyrstegongsjeger i eiga sak). Jegeren må opplyse om at han/ho er fyrstegongsjeger på søknaden.
8. Studentar, uføre/eldre og ektefeller/sambuar vil kunne søkje om å ta ut «halv pakke med dyr». (sjå definisjonar i eiga sak). Jeger må informere om dette på søknaden. Ungdom mellom 16-20 år betalar halv pris «halv pakke».
9. Kort kan overførast til andre vald. Røldal FS gjev fullmakt til jegerar slik at dei kan overføre kort til andre med kort utskrive av Røldal FS fom 1 september. Det lagast eige skjema for dette som skal nyttast. Kort som er med i jaktlag kan ikkje overførast.

Prisar for kortpakker Hardangervidda:

Innanbygds:	3500,-
Personar omtala i punkt 8:	2000,-
Ungdom mellom 16-20 år:	1000,- (då for redusert pakke)

Utanbygds:	7000,-
------------	--------

## Setesdal Ryfylke:

### Reglar for tildeling av fellingsløyve.

Ein innfører to poengsystem for jakta på SR, eit for kortpakkar det det inngår bukk eller fritt-dyr-løyve, og eit for eventuelle andre kortpakkar. Den som søker får 1 poeng (i det aktuelle poengsystemet) for kvart år jegeren sender søknad på jakt på SR. Jakta vert så trekt blant dei som har flest poeng. Dei som får tilbod om kort misser poenga sine og startar så på null det påfølgjande året. Unntak berre p.g.a. sjukdom (legeattest krevjast).

Fyrstegongssøkerar på Syd vil det fyrste året dei søker verte tildelt ekstra poeng. Etter fyrste søknadsår vert poengsummen deira sett til to færre poeng enn det høgaste antallet poeng på lista.



«Innkøyringsreglar i 2021 og 2022»

- Jegerar som vart tildelt fellingsløyver i 2019 vil ikkje få tilbod om fellingsløyve i 2021. Dei vil likevel behalde det opptente poenget om dei søker.
- Jegerar som vart tildelt fellingsløyver i 2020 vil ikkje få tilbod om fellingsløyve i 2021 eller 2022. Dei vil likevel behalde dei opptente poenga om dei søker.

**Jaktreglar**

Reglane vert dei same som for Hardangervidda med unntak av at det her ikkje er nåttefredning. Det vert heller ikkje tilbydd gratis fellingsløyve til fyrstegongsjeger, eller moglegheit til å søkje om å ta ut eit redusert antall fellingsløyver (student, uføre/eldre eller ektefeller/sambuarar).

Kortpakkar:

3 x Pakke 1: 2 fritt dyr, 1 simle, 2 kalv	- kr 3500,-
1 x Pakke 1: 2 fritt dyr, 3 kalv	- kr 3500,-
3 x Pakke 2: 1 fritt dyr, 1 simle, 2 kalv	- kr 2500,-

Dersom det vert endringar i tildeling kan pakkane endrast tilsvarande. Leiar har fullmakt.

Vedtaket er gjort i medhald av Fjellova §§ 23 og 24

